

Vågå – gard og slekt

Reiregrenda – Melingen – Rindalen



Knut Raastad, april 2024



Bønes 1910. Foto frå album etter Ivar Kleiven.

Vågå har ikkje bygdabok i form av gard- og slektshistorie. Men på 1970- og 1980-talet vart det samla opplysningar til slik historie ved avskrifter av tingbøker samt systematisering av familiar frå kyrkjebøker og folketeljingar. Dette er tilgjengeleg på Opplandsarkivet avd. Vågå i Ullinsvin. Ved å bruke dette samt digitale grunnbøker, folketeljingar og kyrkjebøker kan ein setja saman opplysningar for kvar gard. Tinglysingar og skifter er mest knytte til matrikulerte bruk og i tidleg tid var det ikkje mange husmannsplassar. Mange har gjort ein del arbeid med systematisering av slekter. Det andre har funne kan brukast i staden for å gå til primærkjelder.

I boka «Sætrene i Vågå» frå 2022 har eg med mange sætrer som også har hatt fast busetjing, bl.a. i området Reiregrenda – Melingen. Dette er utgangspunkt for oversikt om busetjing i desse områda.

Namn på plassar og personar kan ha hatt ulike skrivemåtar, og det er i denne framstillinga ikkje brukt noko konsekvent rettskriving. Alder og fødselsår kan i kjeldene vera oppgjeve berre omtrentleg, dette fører til at årstal ikkje alltid er nøyaktige og dette er ikkje alltid forsøkt sjekka mot andre kjelder. Ellers vil det vera ein god del manglar om personar, meir undersøking av kjelder vil gje meir informasjon. Det er ønskje om å få attendemelding om feil og manglar.

Rindalen	side 3
Reiregrenda	side 4
Melingen-området	side 8

Rindsætra – Skurdalssætra

Sætra ligg i Rindalen ved fylkesvegen. Rindsætra gnr. 156 bnr. 6 er sæter til Skurdal gnr. 156 bnr. 8. Nedre Skår hadde gammal sæter på Rindsæter og vart nemnd med sæter i Rindalen i 1860-åra.

I 1891 budde Ole Johannesen f.1846 på Rindsætra. Han var gift med Eldri Eriksdotter f.1847, dei hadde 2 barn:

Ragnhild f.1881

Guttorm f.1883

Rindsætra vart frådelt frå Ner-Skår i 1920 med skjøte til Per O Fossen og vart sæter til Fossen ved Eidefossen. Skurdal overtok i 1965.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Vegard Veierød, 2012: Heimfjellet

Rindsætra – Bakkesætra

Denne sætra ligg i Rindalen der gammelbrekkevegen tek av frå nåverande fylkesveg.

Rindsætra gnr. 157 bnr. 4 tilhøyrrer Bakken på Lalm gnr. 156 bnr. 2. Pillarviken hadde sæter i Rindalen i 1668.

Ole Thorsen var i 1865 husmann utan jord i Rindalen. Ole Thorsen f.ca.1807 var gift med Kari Paulsdotter f.ca.1805, i 1830 var dei inderstar på Rottenseie medan dei i 1840, 1843 og 1846 var husmannsfolk på Pillervigeie som kan vera her. Ole og Kari hadde 5 barn:

Thor f.1830

Brit f.ca.1834, hadde dottera Karen Olsdr. f.ca.1858

Kari 1840-1840

Kari f.1843

Marit f.1846, hadde dottera Karoline Olsdr. f.1870

I 1891 budde Marit Knutsdotter f.1860 på Rindsætra, ho fekk festekontrakt i 1893.

Rindsætra vart frådelt frå Pillarviken i 1896 med skjøte til Kristoffer Bakken i 1897.

Kristoffer overtok same året gardsbruket Bakken, han var son til Iver Knutsen Fjerdingsren 1831-1895 og Ragnhild Christoffersdr. Bakken 1835-1924.

Knut Iversen Bakken f.1874 var ein yngre bror til Kristoffer. Knut vart 1896 gift med Rønnaug Olsdotter Teigen f.1867 dotter til Ole Teigen. I 1896 og 1900 vart dei nemnde som husmannsfolk i Rindsæteren. Knut og Rønnaug hadde 3 barn:

Ole f.1896

Ragnhild f.1898

Aagot f.1900

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Digitalarkivet: panteregister, folketeljningar, kyrkjebøker mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Vegard Veierød, 2012: Heimfjellet

Veslsætra

I lia mellom Nysætra og Rindsætra hadde Øver-Skaar gnr. 155 bnr. 1 ei heimsæter som heitte Veslsætra. Det vart onna der til ca. 1940-talet, nå er det tilplanta med skog. Ei tid kring 1865 og 1875 var Veslsætra husmannsplass med fast busetjing. Syver Olsen Skaar ø. 1803-1877 var son til Ole Syversen Skaar ø. 1772-1863 og Imbjør Hansdtr. Klokkargarden f.ca.1778 d.1867. Syver vart 1842 gift med Ragnild Olsdotter Slaaen Harlaugeie, Heidal 1809-1899 dotter til Ole Pedersen Slaaen, Heidal 1779-1856 og Marit Knutsdtr. Nyborg 1781-1842. Syver og Ragnhild hadde 1 barn:

Marit 1845-1918

Marit og barna samt mora Ragnhild vart ei tid nemnde som Rusten der mora døydde i 1899, truleg har dei budd i Rusten ei tid sist på 1800-talet. Marit hadde barn med Kristen Hansen Kvehaugen, Heidal 1842-1919. Kristen vart gift til Brånå i Heidal. Marit og Kristen hadde 2 barn:

Thor Kristensen 1870-1959, til Valbjør

Ragnhild Kristensdtr. f.1873

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljningar, kyrkjebøker mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Paul Odd Brun, Gudbrand 2-2022: Ole Syversen Skaar 1772-1863

Skårsreiret - Nyheim

Nyheim gnr. 156 bnr. 3 ligg i Reiregrenda, dette er bruket nærast krysset der Bringsvegen tek av frå vegen over til Heidal. Skårsreiret hadde fast busetjing frå midt på 1800-talet.

I 1865 var Jon Einarsen Skurdal 1830-1920 og familien husmannsfolk på Reiret. Jon var son til Ener Jonsen Skurdal 1787-1878 og Mari Guldbrandsdtr. f.ca.1792 d.1870. Jon var gift med Anne Pedersdotter Harlougeie, Heidal 1829-1917. I 1875 og 1900 var dei husmannsfolk på Skurdal. Jon og Anne hadde 6 barn:

Mari f.1854
Mari f.1856
Ener 1859-1954
Kari f.1862
Ingeborg f.1866
Anne f.1870

Ole Enersen var i 1865 husmann med jord på Skurdal, men i 1875 hadde han bytt med broren og var husmann på Skårsreiret. Også i 1900 var familien husmannsfolk på Skårsreiret. Ole 1833-1918 vart 1854 gift med Eli Pedersdotter Tolstadeie 1830-1923 dotter til Peder Svendsen Tolstadeie. Ole og Eli hadde 6 barn:

Mari f.1855, hadde med Ola Andersen Raastad 1855-1928 sonen Ole Olsen 1879-1902
(sanitetskorporal Ole Olsen Reiret døyde i ei ulykke i Kristiania)
Peder f.1858, hadde med Brit Olsdtr. Jespriktplassen f.1860 tvillingane Eli og Ole f.1886
Imbjør f.1860, ho hadde dottera Elen Olsdtr. f.1896
Einar 1863-1940, g.m. Lovise Syversdtr. Enebo, Lesja 1884.1926
Ole f.1866
Paul f.1870, neste brukar

Nyheim som omfatta det gamle Reiret og meir til vart frådelt frå nedre Skår i 1912 med skjøte frå Gudbrand Skaar til Paal Olsen for kr 770.

I 1931 vart familien Skogstad ny eigar av Nyheim med skjøte frå Pål Nyheim til Iver L Sveen d.1944 for kr 3000. Iver Sveen Skogstad var gift med Ymbjør Bolstadløkken f.1883, ho sat i uskifta bu frå 1944. Det gamle tunet som ligg nedanfor den gamle veggen som kjem opp Reirebakken vart frådelt og seld som feriestad i 1948. Nytt tun vart da bygd nede ved Bringsvegen, familien Skogstad budde i baksida vest for Lalmsbrua og brukte Nyheim som sæter.

På 1950-talet vart Nyheim kjøpt av Kristian Sveen som var systerson til Ymbjør Skogstad og brukt som sæter til Steinarlykkja gnr. 145 bnr. 5 i Sjørdalen fram til ca. 1966.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.
seeiendom.kartverket.no
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Vegard Veierød, 2012: Heimfjellet
Bjørn Idar Granli: notat om Einar Olsen Reiret

Råstadreiret

I Reiregrenda var det i si tid sju bruk, Reiremo, Nilsonlykkja, nedre Reiret, Skårsreiret, Rundhaugsreiret, Råstadreiret og kanskje Melsætra. Dei tre første er i Heidal. Råstadreiret kan ha vore ovanfor Brennstadvegen der Skårsreiret ligg nedanfor, nå ligg hyttene 154/79 og 154/97 der. Vegard Veierød meiner at namnet kan skrive seg frå at ei jente frå Reiret fekk barn med ein frå Råstad. Dette finn vi i Skårsreiret.

Mari Olsdotter Skårsreiret f.1855 var dotter til Ole Einarsen Skurdal 1833-1918 og Eli Pedersdotter Tolstadeie 1830-1923. Mari hadde med Ola Andersen Raastad syg. 1855-1928 1 barn:

Ole Olsen 1879-1902. I 1900 budde han hjå besteforeldra i Skårsreiret og var tømmerhaugar. Sanitetskorporal Ole Olsen Reiret døydde i ei ulykke i Kristiania.

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Vegard Veierød, 2012: Heimfjellet

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Rundhaugreiret

Rundhaugreiret gnr. 154 bnr. 95 ligg mellom Skårsreiret og Breinstad. Dette var husmannsplass under Rottem og busett frå 1825 til 1905. Dette vart fyrst kalla Rottemreiret, seinare vart det kalla Håkenstadreiret da Håkenstad var eigar av Rottem. Siste brukaren kom frå Rundhaugen som var husmannsbruk under Håkenstad. I nyare tid er det bygd hytte her.

Christen Thorsen Stadeie Hesthågå f.ca.1799 d.1875 vart 1824 gift med Rannei Henningsdotter Lyeneie Lyebakken f.ca.1797 d.1863. Ved barnefødsel i 1826 var familien på Rottemseie som truleg var her. I 1865 var Christen husmann og dottera Ingri f.1826 styrde hushaldet. Christen og Rannei hadde 10 barn:

Tor f.1824

Ingri f.1826, g.m. Gudbrand Hansen Ulsanden s. f.ca.1825. Til Melsætra. På Reiret i 1865.

Tor 1828-1828

Hans f.1829

Rannei f.1831, hadde med Arne Aanensen Mælen, Eikesdal sonen Christen f.1855

Anne f.1834

Hans f.1836

Iver 1837-1838

Iver f.1839

Christen f.1841

Ole Jørgensen Haagenstadeie 1828-1924 var son til Jørgen Paulsen Haagenstadeie. Ole vart 1862 gift med Anne Knutsdotter Lieneie 1842-1905. I 1865 var dei inderstar på Rustbrækken, medan dei i 1870 var husmannsfolk på Rundhaugen under Håkenstad. I 1891 var dei på Reiret. I 1900 var Anne husmannskone med jord på Rundhaugreiret medan Ole var borte på teneste. Da Ole døydde i 1924 står det at han var forhenverande husmann på Rundhaugsreiret, han budde i 1910 og 1920 på Rundhaugen. Ole og Anne hadde 4 barn:

Jørgen 1863-1863

Mari f.1865, g.m. Ola O Bråtåhaugen 1855-1929, Mari hadde dottera Anne Olsdr. f.1890.

Jørgen f.1870

Knut f.1888

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Vegard Veierød, 2012: Heimfjellet

Breinstad

Breinstad gnr. 154 bnr. 30 vart etablert som bureisingsbruk i 1937 med frådelling av stort areal frå Brennaskogen som vart frådelt frå Rottem i 1905. På Flathovda innanfor hyttefeltet i Stutarhaugen har Breinstad ei dyrking frå 1940-talet som vart brukt til 1963.

Knut Kleiven n. 1885-1962 var son til Lars Kleiven n. 1847-1905 og Brit Plassen 1850-1929.

Knut vart 1908 gift med Johanne Buom, Skåbu 1888-1975. Knut og Johanne hadde 9 barn:

Signe f.1910

Borghild f.1912

Magnhild f.1914

Lise 1917-1985, g.m. Magnus O Løkken 1915-1990

Petter f.1919

Håkon f.1921

Tor 1924-1994, neste brukar

Kåre f.1926

Jenny f.1929

I 1949 var det skjøte frå Knut Kleiven til sonen Tor K Kleiven for kr 6000 inkl. lausøyre kr 3000 samt føderåd. Tunet som ligg i Reiregrenda vart i 1963 frådelt og seld som feriestad til Jon Hessen.

Svein Løkken f.1952 var son til Magnus O Løkken 1915-1990 og Lise Kleiven 1917-1985.

Svein overtok Breinstad i 1997 etter morbroren, og sidan har Breinstad vore saman med nedre Lykkja gnr. 158 bnr. 4.

Sonen Tor Arne Løkken f.1981 overtok heimelen frå 2004.

Hyttetomter i Stutarhaugen har frå 1986 og framover vore frådelt frå Breinstad.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.
seeiendom.kartverket.no

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Vegard Veierød, 2012: Heimfjellet

Melsætra

Denne sætra ligg på nordsida av bekken Mela. Melsetra gnr. 154 bnr. 12 tilhøyrrer Hovde gnr. 157 bnr. 5. Sætra vart kjøpt frå Rottem i 1909, i handelen inngjekk bytte i Veslkvea aust for Grasdokka som tidlegare hadde tilhøyrrd Hovde. Melsætra var fram til 1909 husmannsbruk. Gulbrand Hansen Ulsanden s. f.ca.1825 var son til Hans Olsen Jukulen 1792-1862 og Mari Gulbrandsdtr. Ulsanden s. 1792-1871. Gulbrand vart 1853 gift med Ingri Christensdotter Rottenseie f.ca.1826 dotter til Christen Thorsen Rottenseie Rundhaugsreiret 1799-1875 og Rannei Henningsdtr. Lyeneie 1797-1863. I 1865 budde familien på Rundhaugsreiret. I 1900 var Gulbrand og Ingri husmannsfolk på Melsætra. Gulbrand og Ingri hadde 7 barn:

Ole f.1851

Iver f.1853

Mari f.1856

Ragnhild f.1859

Hans 1862-1863

Hanna f.1865

Rønnoug f.1869

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.
seeiendom.kartverket.no

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Vegard Veierød, 2012: Heimfjellet

Myrvang

Myrvang gnr. 154 bnr. 29 ligg nedanfor vegen ved Bakkomssætra, like før Melingsosen. Myrvang vart etablert som bureisingsbruk i 1937 med frådelling av areal frå Brennaskogen som vart frådelt frå Rottem i 1905. Den siste som budde på Myrvang døydde i 1992. Torger Bakken 1882-1959 var son til Kristen Bakken og Ingeborg Lillesæter. Torger vart 1911 gift med Mari Skogum, Heidal 1887-1986, dei hadde 6 barn:

Kristen 1911-1955, neste brukar

Asbjørn f.1913, seinare brukar

Inga f.1915
Pål f.1918
Redval f.1921
Kari f.1925

Kristen fekk skjøte på Myrvang i 1953. Foreldra fekk tinglyst heimel att i 1958.

Asbjørn var eigar 1960-1992. Han var gift med Anne Krukhaug, Heidal 1913-1996 dotter til Ola Krukhaug og Andrea Nilsonlykkja. Asbjørn og Anne hadde 4 barn:

Torbjørn f.1942, neste eigar
Margrete f.1944
Vegard f.1945, g.m. Berit Bakken
Svanhild f.1947, g.m. Morten Haraldsen

Torbjørn overtok i 1992, han vart 1970 gift med Helga Myrum, Sel f.1946 dotter til Hans Myrum f.1909 og Rønnaug Sletten f.1916. Torbjørn og Helga har 2 barn:

Ellen f.1971
Atle f.1974, neste eigar

Atle fekk heimel til eigedommen i 2015.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997
Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.
seeiendom.kartverket.no
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Vegard Veierød, 2012: Heimfjellet

Bakkomssætra

Denne sætra ligg på grensa til allmenninga. Bakkomssætra gnr. 154 bnr. 8 er sæter til nedre Bakkom gnr. 154 bnr. 6. Bakkom vart sjølveigar i 1908 og sætra vart frådelt frå Rottem i 1912. Sætra har vore sæter til nedre Bakkom sidan 1760. Ola Bakkom overtok Bakkom i 1972. Ola O Bakkom f.1926 var son til Ole Eriksen Bakkom 1889-1984 og Oline Rustbakken, Heidal 1897-1963. Ola O Bakkom og faren Ola E Bakkom flytta til sætra og budde der frå 1975. Ola O Bakkom budde der til 2008.

Kjelder:

Norske gardsbruk 1953-1997
Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.
seeiendom.kartverket.no
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Vegard Veierød, 2012: Heimfjellet

Grasdokken

Grasdokken var tidlegare sætra til Rottem og vart nemnd i 1668. Sætra gjekk midt på 1800-talet over til å bli husmannsplass med busetjing fram til 1903. Jonn Jansen Holen, Heidal 1789-1875 vart 1820 gift med Barbra Paulsdotter Ryeneie, Heidal f.ca.1799. Dei budde på ulike plassar i Heidal, i 1828 som husmannsfolk på Bjølstadeie og i 1832 som forpaktarar på Fjerdingsren. I 1837 vart dei nemnde som gardsfolk på Rottem, men det kan vera på Grasdokken. I 1865 var John husmann på Grasdokken. John og Barbro hadde 6 barn:

Ragnild f.1818

Paul f.1822

Hans f.1824, neste brukar

Rønnaug f.1828

Marit f.1832

Anders f.1837

Hans var i 1875 husmann med jord på Grasdokken.

Kompanjongane Sundby og Thorgaard kjøpte Rottem i 1904, men selde etter stutt tid og hadde da att skogen og Grasdokka. I 1925 vart Grasdokka delt og Sundbyfamilien fekk øvre Grasdokka og Thorgaardfamilien nedre Grasdokka. Nedre Grasdokka som ligg aust for den nåverande Rottemssætra var tunet på den gamle Rottemssætra. Rottemssætra vart utskild frå nedre Grasdokka i 1935, ein del av dette er Grenet gnr. 169 bnr. 3 som ligg i allmeningsområdet.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.
seeiendom.kartverket.no

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Vegard Veierød, 2012: Heimfjellet

Sandånebben

Allerstølen ligg ovanfor Sandånebbsætra til Dokken. Dette var tidlegare sæter til sygard Holbø. Holbø hadde vårsæter på Bringen i 1800, men dei hadde også ei kve på øvre Bringen. Sandanæbben sæter var i 1869 fullt bygd, men hadde ikkje hamnrett. Sætra vart da brukt om vinteren med oppføring av avlinga. Sandanebbensætra var i 1878 14,50 mål.

I 1865 var Ole Andersen forpaktar på Sandnebben. Ole Andersen Stadeeie Hesthågå f.ca.1832 var son til Anders Hansen Stadeeie. Ole vart 1859 gift med Gunild Thorsdotter Stadeeie f.ca.1830 dotter til Thor Iversen Kleppe. Ole og Gunhild var husmannsfolk på Stadeeie i 1859 og på Holbøseeie i 1862 som kan vera her. I 1866 var dei på Reiret. Ole og Gunhild hadde 5 barn:

Anders f.1854
Svend f.1856
Anne f.1859
Ragnild f.1862
Iver 1866-1885

Gjertrudneset og sætra vart seld i 1916 til apoteker G. J. Lund på Otta.
Redaktør Victor Mogens 1886-1964 overtok i 1941 og budde her under krigen. Han var gift med Nina Arkina 1892-1980.
Frå 1951 overtok Svein Aller med 5 da grunn og etablerte Allerstølen, den gamle kvea er nå ein del av sætra til Dokken. Gjertrudneset vart seld frå i 1955

Kjelder:
Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.
seeiendom.kartverket.no
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Vegard Veierød, 2012: Heimfjellet

Bjørnstadsætra

Denne sætra ligg ved Bringsvegen mellom Bakkesætra og Teigsætra. Bjørnstadsætra 187/1/708 tilhøyrrer Øver-Bjørnstad gnr. 8 bnr. 1. Sætra vart nemnd som sæter til Øver-Bjørnstad frå 1600-talet. Sætra var i 1869 fullt bygd og brukt som sommarsæter. Bjørnstad-sætra var i 1878 40,00 mål. Olav Bjørnstad budde på sætra ei periode fram til 2011. Olav Audun Bjørnstad f.1938 var son til Ola Bjørnstad 1911-1984 og Aslaug P Bakken, Sel f.1914. Olav var gift med Marit Brånå, Heidal f.1948 dotter til Olav Brånå og Ragnhild Voldsrud, Ringebu. Olav og Marit hadde 2 barn:
Ola f.1966
Nina f.1968

Kjelder:
Norske gardsbruk 1953-1997
Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.
seeiendom.kartverket.no
Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Vegard Veierød, 2012: Heimfjellet

Brennsætra

Denne sætra ligg lengst vest på Bringgen, nedanfor vegen. Brennsætra gnr. 131 bnr. 1 tilhøyrrer Ner-Bråtå gnr. 144 bnr. 2. Sætra har også ei dyrking 187/1/825 vest og ned for sætra frå ca. 1980. Brennsætra tilhøyrrde nordistugu Austrem på 1500- og 1600-talet. Austrem vart nemnd

med sæter på Tjønnsæter i 1668 som kan ha vore denne. Austrem vart nemnd med vårsæter på Bringen i 1800.

Iflg. Vegard Veierød i boka «Heimfjellet» fekk sætra eige matrikelnummer fordi det ei tid var fastbuande der. Brennsætra vart utskild frå nordistugu Austrem i 1830, men formell frådeling skjedde i 1862. Fleire hadde sætra på 1800-talet.

I 1863 var det skjøte på Brennsætra frå Hans Arnesen Svastuen til Knut Olsen Bakken for 26 spd. Knut Olsen Bakken under ø. Øy 1795-1865 døydde i 1865, og same året var det auksjonsskjøte på Brennsætra til Anne Hansdotter Stokstadløkken for 71 spd.

I 1869 var Brennsætra fullt bygd og brukt som sommarsæter. Brennsætra var i 1878 17,50 mål. Anne Hansdotter Nettet Stokstadløkken 1811-1876 var fyrst gift med Peder Tjøstelsen Kleppe s. 1783-1859. Dei selde midtre Stokstad i 1852 og budde seinare i Hanslykkja/Stokstadlykkja ovanfor garden. Anne vart 1866 gift på nytt med Martin Gundersen Trøstakerløkken, Ringebu f.1821 som vart nemnd som brukar av sætra i 1869. Folketeljinga 1865 nemner at sonen til Anne forpakta ei sæter, men same året fekk Anne skjøte på Brennsætra. Sonen John 1835-1876 var gift med Rønnaug Hansdotter, og det var enkja Rønnaug Hansdr. Stokstadløkken som i 1878 selde og skjøta Brennsætra til Ole Syversen Lillebråten for kr 240,-. Lillebråten hadde Brennsætra frå 1879 til 1889 da Ner-Bråtå overtok.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.
seeiendom.kartverket.no

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.
Vegard Veierød, 2012: Heimfjellet

Kleivsætra

Dette ligg nedanfor Brennhaugsætra. Kleivsætra 187/1/867 tilhøyrer slektningar etter Ivar Kleiven. Sætra tilhøyrde tidlegare uppistugu Håmår som vart overteke av Taulstad ca. 1830. Jakob Kleiven kjøpte Håmårsætra i 1832 og brukte den som sæter til søre Kleiven, sætra vart formelt frådelt frå Taulstad i 1905. I 1898 selde Ivar Kleiven garden, men heldt att sætra og bruket Kleivlien gnr. 158 bnr. 3 og budde på sætra. Også mor til Ivar budde på Kleivsætra, Brit Knutsdotter Svarvarhaugen 1824-1916 var gift med Jakob Iversen Snerle Kleiven 1803-1884, dei hadde 5 barn:

Ivar 1854-1934, eigar av Kleivsætra

Marit 1858-1926, g.m. Paul Nygaard 1856-1933

Iver 1861-1926, g.m. Anne Hansdr. Ulmo 1868-1915

Pål 1864-1936, budde på Kleivsætra

Hans 1867-1943, g.m. Anne Jakobsdr. Selsjord 1864-1953

Brorson til Ivar Kleiven, Jakob H Kleiven 1901-1996 overtok Kleivsætra og Kleivlien med skjøte i 1937. Jakob var son til Hans Kleiven 1867-1943. Jakob var gift med Rønnaug Olousdr. Sørlien 1900-1966.

Olav Kleiven og Aase Kleiven Helle overtok Kleivsætra.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.
seeiendom.kartverket.no

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Vegard Veierød, 2012: Heimfjellet



Kleivsætra. Foto frå album etter Ivar Kleiven.

Saghaugen

Dette ligg mellom Melingen og Flatningen. Saghaugen vart rydda på 1700-talet og skyldsett i 1812 med fast busetjing ut over 1800-talet. I 1812 vart det tinglyst bygsel frå fogden på plassen Saghaugen til Peder Hansen.

Det var kongeleg skjøte på Saghaugen til Iver Eriksen for 50 spd. i 1836 tinglyst 1845.

I 1869 vart Saghaugen delt i to, søre og nørde. Søre Saghaugen gnr. 130 bnr. 1 vart kjøpt av Jakob Bergum som var husmann under sygard Kleppe. I 1869 var sætra bygd og brukt som

sommarsæter. I 1872 vart sætra seld til Ole Skjellum som var husmann under Sve. I matrikkelen 1886 og 1888 stod lensmann Listad som eigar, han hadde Sundhågå nokre år før han kjøpte Ner-Øy. I 1904 var det John Iversen Løkken som hadde søre Saghaugen. Sonen overtok i 1911, han kjøpte nørdrø Nerlien i 1901 og Saghaugen vart dermed sæter til Nerlien. Nørdrø Saghaugen gnr. 130 bnr. 2 og 12 er i dag fritidseigedommar. Nørdrø Saghaugen vart 1869 kjøpt av Henrik Braaten og brukt som sæter til Ulabråten gnr. 13 bnr. 2. Sætra var i 1869 bygd og brukt som sommarsæter. Sætra vart i 1918 seld til godseigar Einar Løberg på Eidsvoll og frå da har nørdrø Saghugen vore brukt som fritidseigedom som seinare har vorte oppdelt.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

seeiendom.kartverket.no

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Vegard Veierød, 2012: Heimfjellet

Søre Bønes

Dette er den austlege sætra på Bønes. Søre Bønes 187/1/1215 er i dag fritidsbustad, sæterkvea er lagt saman med nørdrø Bønes. Båe Kleppegardane hadde sætrer på Bønes i 1668, og dette må vera sætra til sygard Kleppe sjølv om det kanskje var berre ei kve etter at sjølve sætra var overført til Haugøy. Ola Kleppe «Skyttar-Braataan» 1697-1777 overtok denne kvea og bygde opp dette som sæter til Ner-Bråtå gnr. 144 bnr. 2 og 3 som var husmannsbruk under Kleppe. Formell frådelling av sætra skjedde ikkje før i 1831, slik at i 1800 vart Bønes nemnd som heimsæter til Kleppe. Ola Braaten var oppført som brukar i 1869, sætra var da fullt bygd og brukt som sommarsæter. Sønnene Knut og Ivar brukte sætra saman med kvar si stugu og kvar si kve, men ved skifte vart sætra seld til Ivar og han flytte til sætra. Sætra vart skyldsett i 1874 og det var etter dette at Ivar og familien flytte dit. Ivar Bråtå 1827-1916 og kjerringa Ymbjør budde på sætra så lenge dei levde. Iver Olsen Bråten vart 1858 gift med Imbjør Engebretsdotter Bu 1826-1920 dotter til Engebret Olsen Vangen, dei hadde 3 barn:

Ole f.1864

Mari f.1866

Hans f.1870

I 1897 vart sætra overteke av søre Sørlien gnr. 161 bnr. 8 som også hadde nørdrø Bønes. Etter at Ivar Bråtå var borte var Bønes bortleigd som feriestad. Frå 1976 overtok Sørlien sætra til eige bruk. Sætra vart seld i 2005.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

seeiendom.kartverket.no

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Vegard Veierød, 2012: Heimfjellet